

# Eksamensrettleiing

- om vurdering av eksamenssvar

2019

NOR1211–NOR1231 Norsk hovudmål

NOR1212–NOR1232 Norsk sidemål

NOR1218–NOR1238 Norsk for elevar med samisk/finsk som andrespråk

Sentralt gitt skriftleg eksamen

I 2019 er det lagt inn nokre presiseringar i kjenneteikna på måloppnåing.

## Eksamensrettleiing for vurdering av sentralt gitt eksamen

Denne eksamensrettleiinga gir informasjon om sentralt gitt eksamen i norsk og korleis han skal vurderast. Rettleiinga skal vere kjend for elevar, vaksne deltakarar, privatistar, lærarar og føresette i god tid før eksamen. Sensorane må bruke rettleiinga som ei felles referanseramme i arbeidet sitt.

I denne rettleiinga blir «elevar» brukt om både elevar, vaksne deltakarar og privatistar.

### 1 Organisering av sentralt gitt skriftleg eksamen i norsk

Eksamen i norsk hovudmål er obligatorisk på studieførebuande nivå. Eksamen i norsk sidemål er trekkfag for elevar, men obligatorisk for privatistar. Eksamenstida er fem timar, og det er ikkje førebuingdag.

Eksamensoppgåvene er knytte til eit utval tekstar som ligg ved i oppgåvesetta. Tekstutvalet er på både bokmål og nynorsk i alle oppgåvesetta.

#### 1.1 Nærare beskriving av eksamen

Det overordna formålet med eksamen er at elevane skal vise den norskfaglege kompetansen sin. Dei skal lese ulike tekstar og kunne setje dei inn i ein fagleg samanheng, og dei skal skrive ein kort og ein lengre tekst.

Oppgåvene byggjer på kompetansemåla frå hovudområda *Skriftlig kommunikasjon og Språk, litteratur og kultur* på Vg2 og Vg3. Oppgåvene prøver eit utval av kompetansemåla, men eleven kan likevel vise brei kompetanse i faget. Sensor skal alltid vurdere heilskapen i svaret.

Alle oppgåvene har ein kommentar med felles informasjon til elev og sensor om kva som blir venta av svaret. Kommentaraner er eit tillegg til kjenneteikna på måloppnåing til eksamen som du finn på side 8–9 i denne rettleiinga.

#### Kortsvarsoppgåvene

Kortsvaret er innført for at eksamen i norsk skal kunne dekkje ei større fagleg breidde enn når eleven berre skriv éin tekst. Slik får eleven høve til å vise meir av fagkompetansen sin.

Kortsvaret skal vere forma som ein strukturert og samanhengande tekst. Ei god eksamensførebuing er å trene på å skrive korte, presise svar på faglege spørsmål eller problemstillingar.

Kortsvarsoppgåvene kan for eksempel be elevane om å

- skrive ein kort informativ eller argumenterende tekst knytt til ein vedlagd tekst eller ein påstand
- påvise retoriske appellformer i ein tekst
- påvise sjangertrekk eller språklege verkemiddel og forklare kva funksjon dei har
- gjere greie for og kommentere særtrekk ved språket i ein eller to tekstar
- forklare argumentasjonen i ein kort sakprosa tekst
- samanlikne form og/eller innhald i to korte tekstar
- kommentere samspelet mellom elementa i samansette tekstar
- karakterisere for eksempel ein litterær person og vise kva verkemiddel som er brukte
- bruke eit tekstvedlegg som eksempel og skrive ein kort tekst med tilsvarande verkemiddel eller appellformer

## Langsvarsoppgåvene

Langsvarsoppgåvene er knytte til vedlagde tekstar. Eleven får tre eller fire oppgåver til val og skal skrive ein lengre tekst med god struktur og samheng. Det blir ikkje oppgitt kor lang teksten skal vere, fordi sensor skal sjå lengda i samheng med om innhaldet er relevant og om teksten er gjennomarbeidd. Langsvarsoppgåvene er alltid knytte til tekstvedlegg, og svaret skal vise både tekstforståing og skrivekompetanse.

Det er tre hovudgrupper av langsvaroppgåver:

**Saklege, resonnerande tekstar:** I mange langsvarsoppgåver blir elevane bedne om å skrive saklege, resonnerande tekstar. Oppgåvene kan bestå av fleire delar. Elevane kan bli spurde om å

- *informere* – presentere, forklare eller gjere greie for eit emne
- *argumentere* – grunngi og forsvare synspunkt og meiningar
- *drøfte* ulike sider ved ei sak for å kunne ta stilling til saka
- *reflektere* over eit emne eller ei problemstilling

**Tolkingar og analysar:** Dette er oppgåver der elevane skal gjere greie for form og innhald i tekstar ved hjelp av fagspråk og reflektere over tekstane. Det er ingen skarpe skilje mellom tolking og analyse, sjølv om omgrepet tolking er knytt til meining og forståing. Både i tolkingar og analysar blir det venta at elevane kan vise og grunngi korleis dei forstår teksten. Til eksamen bruker vi *tolking* i samband med skjønnlitterære tekstar og *analyse* i samband med sakprosa. Oppgåva kan be om ei samanlikning av fleire tekstar, eller at teksten blir sett inn i ein historisk samheng.

**Kreative tekstar:** I nokre langsvarsoppgåver skal elevane skrive ein kreativ tekst. Dette er ikkje éin teksttype, men eit samleomgrep som femner om både forteljande, reflekterande og underhaldande tekstar. Desse oppgåvene er meir opne for individuelle løysingar enn dei tidlegare essay-, novelle- og kåserioppgåvene. Det er viktig å bruke dei vedlagde tekstane og svare på oppgåva.

Elevane kan bli bedne om å

- skrive om ein påstand, eit tema eller ut frå ei gitt overskrift
- utforske påstandar og emne, prøve ut tankar
- skrive ut frå ein gitt synsvinkel
- bruke litterære verkemiddel når dei skriv
- skrive ein tekst som skal brukast til eit bestemt formål

Når elevane blir bedne om å *utforske*, skal dei undersøke eit gitt emne frå ulike innfallsvinklar. Omgrepet ligg nært opp til å reflektere og blir brukt i nokre oppgåver der det passar til temaet. Instruksjonen opnar for ulike svar.

Begrepet *reflektere* er sentralt i læreplanen i norsk. Både i oppgåver som ber om ein resonnerande tekst, i tolkingsoppgåver og i dei meir frie kreative oppgåvene kan elevane bli bedne om å reflektere. Å reflektere er å tenke gjennom eit emne eller ei problemstilling for å kaste lys over saka.

### ***Mange kjenneteikn er felles for alle tekstar***

Mange av kjenneteikna på eit godt svar er felles for alle oppgåvetypene. Sensor ventar at teksten har formålstenleg struktur, god samanheng og relevante eksempel og moment. Elevane skal vise norskfagleg kompetanse. Uavhengig av kva oppgåvetype dei vel, kan dei også vise sjølvstende og kreativitet i tekstane sine. Det kjem til uttrykk i korleis dei ordlegg seg, og i idear, perspektiv og innfallsvinklar. Dette skal sensor honorere når svaret er relevant.

### ***Desse omgrepa frå læreplanen blir brukte i eksamensoppgåvene:***

<i>Presenter ...</i>	<i>Drøft ...</i>
<i>Gjer greie for ...</i>	<i>Reflekter over ...</i>
<i>Forklar ...</i>	<i>Vurder ...</i>
<i>Analyser ...</i>	<i>Kommenter ...</i>
<i>Tolk ...</i>	<i>Bruk kunnskap om ...</i>
<i>Samanlikn ...</i>	<i>Skriv ein resonnerande tekst der du ...</i>
<i>Argumenter ...</i>	<i>Skriv ein kreativ tekst der du ...</i>

## 2 Hjelpemiddel

På eksamen er alle hjelpemiddel tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.

Når elevane bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har dei ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillate.

Gjennom opplæringa i faget skal faglæraren rettleie elevane i å vurdere kva hjelpemiddel dei vil ha nytte av i arbeidet med å løyse ulike typar oppgåver. Det er eleven sjølv, gjerne i samråd med faglæraren, som vurderer kva for hjelpemiddel som er formålstenlege.

## 3 Bruk av kjelder

Kjelder som blir brukte til eksamen, skal førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Eleven skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på alle kjeldene som er brukte. Dersom eleven bruker utskrift eller sitat frå nettsider, skal han/ho føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.

Dersom sensor mistenkjer at eit svar inneheld kopierte materiale utan kjeldetilvising, kan svaret sendast til plagiatkontroll.

### 3.1 Bruk av kjelder i norsk

Det er ikkje eit krav at elevane har med seg bestemte kjelder til sentralt gitt eksamen, og derfor har ingen av oppgåvene til eksamen i norsk krav til kjeldebruk ut over vedlegga i oppgåvesettet. Elevane må sjølv vurdere om det er relevant å vise til kjelder i svaret. Dersom dei bruker kjelder, skal dei vise evne til å velje ut det som høver i den aktuelle samanhengen. Ukritisk bruk av fagstoff som ikkje er relevant for oppgåva, vil trekkje ned.

Hovudregelen er at elevane skal vise til kjeldene når dei hentar informasjon direkte frå noko ein annan har skrive, og når dei refererer til saker som det kan vere ulike meiningar om. Opplysningar som er allment kjende, treng dei ikkje å dokumentere.

Eleven skal kunne vise til kjelda som referanse i hovudteksten eller som fotnotar, og lage ei litteraturliste med oversikt over dei kjeldene som er brukte. Til eksamen i vidaregåande opplæring er det viktigare for vurderinga at kjeldebruken er ryddig og oversiktleg enn at dei formelle krava blir følgde nøyaktig.

## 4 Vurdering av eksamenssvar

Læreplanane og forskrift til opplæringslova er grunddokument for vurderingsarbeidet. Forskrift til opplæringslova §§ 3-25 og 4-18 slår fast:

*Eksamen skal organiserast slik at eleven/deltakaren eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven/deltakaren eller privatisten slik den kjem fram på eksamen.*

Kompetanse er i denne samanhengen definert som evna til å møte ei kompleks utfordring eller utføre komplekse aktivitetar eller oppgåver.<sup>1</sup> Eksamensoppgåvene blir utforma slik at dei prøver denne kompetansen. Grunnlaget for å vurdere den kompetansen eleven viser i eksamenssvaret, er kompetansemåla i læreplanen for norsk.<sup>2</sup>

Dei grunnleggjande ferdigheitene er integrerte i kompetansemåla i læreplanane. Grunnleggjande ferdigheiter blir derfor prøvde indirekte til sentralt gitt eksamen.

Sensorane skal vurdere den samla kompetansen til eleven slik han kjem fram på eksamen, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-25 og 4-18. Kvart eksamenssvar blir vurdert av to eksterne sensorar. Dersom desse to er usamde, avgjer ein oppmann karakteren, jf. §§ 3-28 og 4.21 i forskrift til opplæringslova.

### 4.1 Karakterar

Forskrift til opplæringslova §§ 3-4 og 4-4 har generelle karakterbeskrivingar for grunnopplæringa:

- a) Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget.
- b) Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget.
- c) Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.
- d) Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget.
- e) Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget.
- f) Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.

Kjenneteikna på måloppnåing i eksamensrettleiinga beskriv kompetansen til eleven på tre nivå. Det skal bidra til ei felles forståing av krava til vurdering og til ei rettferdig vurdering.

---

<sup>1</sup> St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*

<sup>2</sup> Forskrift til opplæringslova §§ 3-3 og 4-3

## **4.2 Fagspesifikke underpunkt**

Det er den samla kompetansen eleven viser i svaret som ligg til grunn for vurderinga, og det blir gitt éin karakter som er felles for kortsvaret og langsvaret. Dersom det blir påvist ved sensuren at delar av eller heile svaret er kopi av tekst som andre har produsert, vil den delen bli vurdert til lågaste karakter.

Det er ingen fagleg nivåforskjell på innhaldet i hovudmåleksamen og sidemåleksamen. Matrisen med kjenneteikn på måloppnåing er felles for dei to eksamensdagane. Når det gjeld underpunktet om språk og formelle ferdigheiter, kan sensorane likevel vente at elevane meistrar hovudmålet sitt noko betre enn sidemålet.

## Kjenneteikn på måloppnåing til eksamen i norsk hovudmål og sidemål

Vg3 studieførebuande og påbygging til generell studiekompetanse

	Karakter 2 Eksamenssvaret	Karakter 3 – 4 Eksamenssvaret	Karakter 5 – 6 Eksamenssvaret
<b>Hovud- inntrykk</b>	viser låg kompetanse er i nokon grad eit relevant svar på kortsvarsoppgåva er i nokon grad eit relevant svar på langsvarsoppgåva viser noko forståing og bruk av dei vedlagde tekstane kommuniserer med lesaren	viser nokså god/god kompetanse er eit stort sett relevant svar på kortsvarsoppgåva er eit stort sett relevant svar på langsvarsoppgåva viser at eleven forstå og bruker dei vedlagde tekstane kommuniserer godt med lesaren	viser svært god/framifrå kompetanse er eit presist og relevant svar på kortsvarsoppgåva er eit utfyllande og relevant svar på langsvarsoppgåva viser god forståing og bruk av dei vedlagde tekstane kommuniserer svært godt med lesaren
<b>Språk og formelle dug- leikar</b>	er enkelt eller uklart formulert har enkel setningsstruktur og samanbinding mellom setningar og avsnitt viser at eleven meistrar hovudformene i formverket til ein viss grad viser at eleven meistrar ortografi og teiknsetjing til ein viss grad skil mellom sitat og eigenprodusert tekst, viser til kjelder	er stort sett godt formulert, med formålstenleg ordforråd har stort sett variert setningsstruktur og nokså god/god samanbinding mellom setningar og avsnitt viser at eleven stort sett meistrar formverket har stort sett korrekt ortografi og teiknsetjing markerer sitat og viser til kjelder på ein ryddig måte	er gjennomgåande godt formulert, med nyansert ordforråd har formålstenleg og variert setningsstruktur og god samanbinding mellom setningar og avsnitt viser at eleven meistrar formverket har gjennomgåande korrekt ortografi og teiknsetjing markerer sitat og viser til kjelder ryddig og nøyaktig
<b>Kort- svar</b>	har ein viss struktur og samanheng viser noko fagleg kunnskap kommenterer eller argumenterer på ein enkel måte peiker på nokre karakteristiske trekk ved tekstar har noko fagspråk	har stort sett formålstenleg struktur og god samanheng viser nokså god/god fagleg kunnskap kommenterer eller argumenterer på ein klar måte gjer greie for karakteristiske trekk ved tekstar har formålstenleg fagspråk	har formålstenleg struktur og god samanheng viser svært god fagleg kunnskap kommenterer eller argumenterer på ein presis måte gjer godt greie for karakteristiske trekk ved tekstar har presist og formålstenleg fagspråk
<b>Infor- mative, argu- mente- rande og resonne rande tekstar</b>	har ein viss struktur og samanheng har med nokre relevante moment og/eller eksempel gjer greie for faglege emne på ein enkel måte gir att hovudsyn i nokon grad argumenterer på ein delvis overtydande måte har enkle resonnement har nokre oppsummeringar eller enkle konklusjonar viser noko refleksjon bruker eventuelle kjelder på ein delvis relevant måte	har stort sett formålstenleg struktur og god samanheng har relevante moment og/eller eksempel gjer greie for faglege emne på ein stort sett klar måte formulerer hovudsyn argumenterer sakleg, på ein stort sett overtydande måte har klare resonnement, viser evne til å drøfte eit emne oversiktleg har oppsummeringar eller konklusjonar viser nokså god/ god evne til refleksjon bruker eventuelle kjelder på ein relevant og etterprøvbar måte	har formålstenleg struktur og god samanheng har relevante moment og/eller eksempel, med god breidde gjer greie for faglege emne på ein presis måte formulerer hovudsyn presist argumenterer sakleg, på ein overtydande måte har klare resonnement, viser evne til å drøfte eit emne sakleg og nyansert formulerer poengterte oppsummeringar eller konklusjonar viser svært god evne til refleksjon bruker eventuelle kjelder relevant, etterprøvbart og sjølvstendig



<p><b>Analysar, tolkingar og samanlikningar</b></p>	<p>har ein viss struktur og samanheng</p> <p>har med nokre relevante moment og/eller eksempel</p> <p>bruker noko fagspråk</p> <p>peiker på nokre verkemiddel i tekstar</p> <p>peiker på nokre sider ved argumentasjon/ bruk av appellformer</p> <p>peiker på nokre sider ved tema/bodskap/hovudsynspunkt</p> <p>reflekterer over tekstar på ein enkel måte, har nokre vurderingar</p> <p>samanliknar nokre sider ved tekstar</p> <p>viser ein viss kjennskap til den kulturhistoriske samanhengen</p> <p>bruker eventuelle kjelder på ein delvis relevant måte</p>	<p>har stort sett formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>har relevante moment og/eller eksempel</p> <p>bruker relevant fagspråk</p> <p>gjer greie for nokre verkemiddel og viser i nokon grad korleis dei fungerer i teksten</p> <p>gjer greie for hovudtrekk i argumentasjon/ bruk av appellformer og funksjonen deira</p> <p>gjer greie for tema/bodskap/hovudsynspunkt</p> <p>reflekterer over tekstar på ein fagleg relevant måte, har vurderingar og grunngitte synspunkt</p> <p>samanliknar tekstar på ein oversiktleg måte</p> <p>viser at eleven kan plassere tekstar kulturhistorisk, med noka forståing for samanhengen</p> <p>bruker eventuelle kjelder på ein relevant og etterprøvbar måte</p>	<p>har formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>har relevante moment og/eller eksempel, med god breidde</p> <p>bruker presist og relevant fagspråk</p> <p>gjer greie for og vurderer verkemiddel og viser korleis dei fungerer i teksten</p> <p>gjer presist greie for argumentasjon/ bruk av appellformer og funksjonen deira</p> <p>gjer greie for tema/bodskap/ hovudsynspunkt på ein sjølvstendig måte</p> <p>reflekterer over tekstar på ein relevant og sjølvstendig måte, har sjølvstendige vurderingar og grunngitte synspunkt</p> <p>samanliknar tekstar på ein oversiktleg og god måte</p> <p>viser at eleven kan plassere tekstar kulturhistorisk, med forståing for samanhengen</p> <p>bruker eventuelle kjelder relevant, etterprøvbart og sjølvstendig</p>
<p><b>Kreative tekstar</b></p>	<p>har ein viss struktur og samanheng</p> <p>har med nokre relevante moment og/eller eksempel</p> <p>viser ei enkel utvikling av motiv, tematikk, personar, miljø eller hendingar</p> <p>viser at eleven har valt nokre innfallsvinklar til temaet</p> <p>viser at eleven har valt nokre verkemiddel i utforminga av teksten</p> <p>reflekterer i nokon grad</p> <p>viser i nokon grad til språkleg/ kulturhistorisk kunnskap dersom det er relevant</p> <p>bruker vedlagde tekstar på ein enkel måte</p>	<p>har stort sett formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>har relevante moment og/eller eksempel</p> <p>viser noko utvikling av motiv, tematikk, personar, miljø eller hendingar</p> <p>viser noko kreativitet i val av innfallsvinklar til temaet</p> <p>viser noko kreativitet i val av verkemiddel i utforminga av teksten</p> <p>reflekterer, utforskar, prøver ut tankar</p> <p>viser til og bruker språkleg/ kulturhistorisk kunnskap dersom det er relevant</p> <p>bruker vedlagde tekstar på ein sjølvstendig måte</p>	<p>har formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>har relevante moment og/eller eksempel, med god breidde</p> <p>viser ei utvikling av motiv, tematikk, personar, miljø eller hendingar</p> <p>viser kreativitet i val av innfallsvinklar til temaet</p> <p>viser kreativitet og bruker verkemiddel på ein gjennomført måte i utforminga av teksten</p> <p>reflekterer, utforskar og prøver ut tankar på ein sjølvstendig måte</p> <p>viser til og reflekterer over språkleg/ kulturhistorisk kunnskap dersom det er relevant</p> <p>bruker vedlagde tekstar på ein kreativ og sjølvstendig måte</p>
<p><b>Samla vurdering</b></p>	<p>Samla sett viser elevsvaret <b>låg kompetanse i faget</b></p>	<p>Samla sett viser elevsvaret <b>nokså god kompetanse i faget</b> eller <b>god kompetanse i faget</b></p>	<p>Samla sett viser elevsvaret <b>mykje god kompetanse i faget</b> eller <b>framifrå kompetanse i faget</b></p>

Karakteren 1 uttrykkjer at svaret viser svært låg kompetanse i faget, eller at det som heilskap fell utanom det som det blir spurt om i oppgåva.



Vurderingsskjema til eksamen 2019, norsk Vg3. Bruk dei delane av skjemaet som passar til oppgåva.

Eksaminandnr			Fagkode	NN/BM	Oppg.nr.
	1	Karakter 2 Eksamenssvaret	Karakter 3 – 4 Eksamenssvaret	Karakter 5 – 6 Eksamenssvaret	Grunngjeving med tilvising til teksten
<b>Hovud- inntrykk</b>		er i nokon grad eit relevant svar på kortsvarsoppgåva  er i nokon grad eit relevant svar på langsvarsoppgåva  viser noko forståing og bruk av dei vedlagde tekstane  kommuniserer med lesaren	er eit stort sett relevant svar på kortsvarsoppgåva  er eit stort sett relevant svar på langsvarsoppgåva  viser at eleven forstå og bruker dei vedlagde tekstane  kommuniserer godt med lesaren	er eit presist og relevant svar på kortsvarsoppgåva  er eit utfyllande og relevant svar på langsvarsoppgåva  viser god forståing og bruk av dei vedlagde tekstane  kommuniserer svært godt med lesaren	
<b>Språk og formelle dug- leikar</b>		er enkelt eller uklart formulert har enkel setningsstruktur og samanbinding mellom setningar og avsnitt  viser at eleven meistrar hovudformene i formverket til ein viss grad  viser at eleven meistrar ortografi og teiknsetjing til ein viss grad  skil mellom sitat og eigenprodusert tekst, viser til kjelder	er stort sett godt formulert, med formålstenleg ordforråd  har stort sett variert setningsstruktur og nokså god/god samanbinding mellom setningar og avsnitt  viser at eleven stort sett meistrar formverket  har stort sett korrekt ortografi og teiknsetjing  markerer sitat og viser til kjelder på ein ryddig måte	er gjennomgåande godt formulert, med nyansert ordforråd  har formålstenleg, variert setningsstruktur og god samanbinding mellom setningar og avsnitt  viser at eleven meistrar formverket  har gjennomgåande korrekt ortografi og teiknsetjing  markerer sitat og viser til kjelder ryddig og nøyaktig	
<b>Kort- svaret</b>		har ein viss struktur og samanheng  viser noko fagleg kunnskap  kommenterer eller argumenterer på ein enkel måte  peiker på nokre karakteristiske trekk ved tekstar  har noko fagspråk	har stort sett formålstenleg struktur og god samanheng  viser nokså god/god fagleg kunnskap  kommenterer eller argumenterer på ein klar måte  gjer greie for karakteristiske trekk ved tekstar  har formålstenleg fagspråk	har formålstenleg struktur og god samanheng  viser svært god fagleg kunnskap  kommenterer eller argumenterer på ein presis måte  gjer godt greie for karakteristiske trekk ved tekstar  har presist og formålstenleg fagspråk	

<i>Informative, argumenterende og resonnerende tekstar</i>					
	1	Karakter 2 Den aktuelle elevteksten	Karakter 3 – 4 Den aktuelle elevteksten	Karakter 5 – 6 Den aktuelle elevteksten	Grunngjeving med tilvising til teksten
<b>Informative, argumenterende og resonnerende tekstar</b>		har ein viss struktur og samanheng  har med nokre relevante moment og/eller eksempel  gjer greie for faglege emne på ein enkel måte  gir att hovudsyn i nokon grad  argumenterer på ein delvis overtydande måte  har enkle resonnement  har nokre oppsummeringar eller enkle konklusjonar  viser noko refleksjon  bruker eventuelle kjelder på ein delvis relevant måte	har stort sett formålstenleg struktur og god samanheng  har relevante moment og/eller eksempel  gjer greie for faglege emne på ein stort sett klar måte  formulerer hovudsyn  argumenterer sakleg, på ein stort sett overtydande måte  har klare resonnement, viser evne til å drøfte eit emne oversiktleg  har oppsummeringar eller konklusjonar  viser nokså god/ god evne til refleksjon  bruker eventuelle kjelder på ein relevant og etterprøvbart måte	har formålstenleg struktur og god samanheng  har relevante moment og/eller eksempel, med god breidde  gjer greie for faglege emne på ein presis måte  formulerer hovudsyn presist  argumenterer sakleg, på ein overtydande måte  har klare resonnement, viser evne til å drøfte eit emne sakleg og nyansert  har poengterte oppsummeringar eller konklusjonar  viser svært god evne til refleksjon  bruker eventuelle kjelder relevant, etterprøvbart og sjølvstendig	
<b>Samla vurdering av kort-svar og lang-svar</b>		Samla sett viser elevsvaret <b>låg kompetanse i faget</b>	Samla sett viser elevsvaret <b>nokså god kompetanse i faget</b> eller <b>god kompetanse i faget</b>	Samla sett viser elevsvaret <b>mykje god kompetanse i faget</b> eller <b>framifrå kompetanse i faget</b>	<b>Karakterforslag:</b>

<b>Analysar, tolkingar, samanlikningar</b>					
	<b>1</b>	<b>Karakter 2</b> <b>Den aktuelle elevteksten</b>	<b>Karakter 3 – 4</b> <b>Den aktuelle elevteksten</b>	<b>Karakter 5-6</b> <b>Den aktuelle elevteksten</b>	<b>Grunngjeving med tilvising til teksten</b>
<b>Analysar, tolkingar og samanlikningar</b>		<p>har ein viss struktur og samanheng</p> <p>har med nokre relevante moment og/eller eksempel</p> <p>bruker noko fagspråk</p> <p>peiker på nokre verkemiddel i tekstar</p> <p>peiker på nokre sider ved argumentasjon/ bruk av appellformer</p> <p>peiker på nokre sider ved tema/bodskap/hovudsynspunkt</p> <p>reflekterer over tekstar på ein enkel måte, har nokre vurderingar</p> <p>samanliknar nokre sider ved tekstar</p> <p>viser ein viss kjennskap til den kulturhistoriske samanhengen</p> <p>bruker eventuelle kjelder på ein delvis relevant måte</p>	<p>har stort sett formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>har relevante moment og/eller eksempel</p> <p>bruker relevant fagspråk</p> <p>gjer greie for nokre verkemiddel og viser i nokon grad korleis dei fungerer i teksten</p> <p>gjer greie for hovudtrekk i argumentasjon/ bruk av appellformer og funksjonen deira</p> <p>gjer greie for tema/bodskap/hovudsynspunkt</p> <p>reflekterer over tekstar på ein fagleg relevant måte, har vurderingar og grunngitte synspunkt</p> <p>samanliknar tekstar på ein oversiktleg måte</p> <p>viser at eleven kan plassere tekstar kulturhistorisk, med noka forståing for samanhengen</p> <p>bruker eventuelle kjelder på ein relevant og etterprøvbar måte</p>	<p>har formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>har relevante moment og/eller eksempel, med god breidde</p> <p>bruker presist og relevant fagspråk</p> <p>gjer greie for verkemiddel og viser korleis dei fungerer i teksten</p> <p>gjer presist greie for argumentasjon/ bruk av appellformer og funksjonen deira</p> <p>gjer greie for tema/bodskap/hovudsynspunkt på ein sjølvstendig måte</p> <p>reflekterer over tekstar på ein sjølvstendig måte, har vurderingar og grunngitte synspunkt</p> <p>samanliknar tekstar på ein oversiktleg og god måte</p> <p>viser at eleven kan plassere tekstar kulturhistorisk, med forståing for samanhengen</p> <p>bruker eventuelle kjelder relevant, etterprøvbart og sjølvstendig</p>	
<b>Samla vurdering av kort-svar og lang-svar</b>		Samla sett viser elevsvaret <b>låg kompetanse i faget</b>	Samla sett viser elevsvaret <b>nokså god kompetanse i faget</b> eller <b>god kompetanse i faget</b>	Samla sett viser elevsvaret <b>mykje god kompetanse i faget</b> eller <b>framifrå kompetanse i faget</b>	<b>Karakterforslag:</b>

Vurderingsskjema til eksamen 2019, norsk Vg3. Bruk dei delane av skjemaet som passar til oppgåva.

<b>Kreative tekstar</b>					
	<b>1</b>	<b>Karakter 2</b> Den aktuelle elevteksten	<b>Karakter 3 – 4</b> Den aktuelle elevteksten	<b>karakter 5 – 6</b> Den aktuelle elevteksten	<b>Grunngjeving med tilvising til teksten</b>
<b>Kreative tekstar</b>		<p>har ein viss struktur og samanheng</p> <p>har med nokre relevante moment og/eller eksempel</p> <p>viser ei enkel utvikling av motiv, tematikk, personar, miljø eller hendingar</p> <p>viser at eleven har valt nokre innfallsvinklar til temaet</p> <p>viser at eleven har valt nokre verkemiddel i utforminga av teksten</p> <p>reflekterer i nokon grad</p> <p>viser i nokon grad til språkleg/ kulturhistorisk kunnskap dersom det er relevant</p> <p>bruker vedlagde tekstar på ein enkel måte</p>	<p>har stort sett formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>har relevante moment og/eller eksempel</p> <p>viser noko utvikling av motiv, tematikk, personar, miljø eller hendingar</p> <p>viser noko kreativitet i val av innfallsvinklar til temaet</p> <p>viser noko kreativitet i val av verkemiddel i utforminga av teksten</p> <p>reflekterer, utforskar, prøver ut tankar</p> <p>viser til og bruker språkleg/ kulturhistorisk kunnskap dersom det er relevant</p> <p>bruker vedlagde tekstar på ein sjølvstendig måte</p>	<p>har formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>har relevante moment og/eller eksempler, med god breidde</p> <p>viser ei utvikling av motiv, tematikk, personar, miljø eller hendingar</p> <p>viser kreativitet i val av innfalls-vinklar til temaet</p> <p>viser kreativitet og bruker verkemiddel på ein gjennomført måte i utforminga av teksten</p> <p>reflekterer, utforskar og prøver ut tankar på ein sjølvstendig måte</p> <p>viser til og reflekterer over språkleg/ kulturhistorisk kunnskap dersom det er relevant</p> <p>bruker vedlagde tekstar på ein kreativ og sjølvstendig måte</p>	
<b>Samla vurdering av kort-svar og lang-svar</b>		Samla sett viser elevsvaret <b>låg kompetanse i faget</b>	Samla sett viser elevsvaret <b>nokså god kompetanse i faget</b> eller <b>god kompetanse i faget</b>	Samla sett viser elevsvaret <b>mykje god kompetanse i faget</b> eller <b>framifrå kompetanse i faget</b>	<b>Karakterforslag:</b>





Schweigaards gate 15  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO  
Telefon 23 30 12 00  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)